

Elin Signe Askvik
Eidavegen 546
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15357 - 21/46953

Saksbehandlar:
Eirik Berntsen
eirik.berntsen@alver.kommune.no

Dato:
29.06.2021

Melding om vedtak i utval for Areal, plan og miljø - Dispensasjon for oppføring av bustadhus - GBNR 236/20 Askvik

Tiltak: dispensasjon for oppføring av bustadhus
Byggjestad: Gbnr: 236/20
Tiltakshavar: Elin Signe Askvik
Ansvarleg sækjar: Kålås Bygg AS

Saka vart handsama av utvalet for areal, plan og miljø i møte den 23.06.21, der følgjande vedtak vart fatta:

"Klagen vert tatt til følgje og vedtak i sak 20/15357, datert 10.02. 2021 vert gjort om. Med heimel i plan -og bygningslova §19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i KDP for Lindås 20119-2031 for etablering av bustad og endra bruk av vegtilkomst fram til eigedomen på gbnr 236/20
Med heimel i plan-og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå PBL-lova § 1-8 for etablering av bustad og endra bruk av vegtilkomst på eigedom gbnr 236/20

Grunngjeving:

APM-utvalet har vore på synfaring på eigedomen. Eigedomen har lite eller ingen skog og skrin jord med dårlege veksttilhøve. Slik APM-utvalet ser det, vil det ikkje verta konflikt rundt støy og lukt, då eigedomen aldri vil kunna drivast med storskala landbruk på. Dette vil vera eit småbruk og dermed ha avgrensa drift. Det er mange år sidan det var sjølvstendig drift på eigedomen.

Eigedomen ligg i LNF-område og eignar seg godt til, som sækjar ynskjer, micro-landbruk. APM-utvalet meiner det er positivt og ynskjer velkommen til sjølvbergingslandbruk. Det er også sterkt miljøvennleg.

APM-utvalet kan ikkje sjå at dette skal koma i konflikt med nabobruket, eller at det øydelegg for landbruket. Utvalet meiner at ein dispensasjon vil sørgjer for at kulturlandskapet vert halde i hevd. Alternativet er å la arealet gro att med einer og

kratt, slik store delar av Noreg er i ferd med å verta. Landbruksjefen i Alver kommune har ikkje innvendingar mot at det vert gjeve dispensasjon for oppføring av bustadhus på GBNR 236/20 Askvik, dette vert og vektlagt av utvalet.

Tiltakshavar ynskjer å etablere seg på staden, og på den måten sikra nærleiken til heimagarden og bu på ein bærekraftig måte.

Tiltaket vil etter utvalet sitt syn medføra marginalt med terrenginngrep. Det vert vist til at bueininga er tenkt plassert på eit relativt flatt område og bygningen skal ha 3 ulike nivå slik at det vert neddempa i landskapet mot sjø.

Tiltaket vil heller ikkje medføra nedbygging av landbruksareal eller bidra til privatisering av LNF-området, sidan tomta allereie er skildt ut og bebygd, samt tilrettelagt med naudsynt infrastruktur. Vatn er tenkt løyst ved borehol og avløp gjennom enerenergiparande vakumløysing.

Etter utvalet si vurdering vil tiltaket verta fint tilpassa omgjevnadane på staden og terrenget rundt.

Eigedomen er alt privatisert og tiltaket vil ikkje medføra noko endring på dette.

- Oppsummert: Tiltaket er godt tilrettelagt
- Tiltaket har ein god berekraftig profil
- Tiltaket vil ha avgrensa terrenginngrep
- Ingen eller liten fjernverknad frå sjø.
- Ingen landbruk- eller fritidsinteresser vert bygd ned eller forringa.

Etter ei samla vurdering meiner APM-utvalet at fordelane ved å gje dispensasjon frå LNF-føremålet for oppføring av bustadhus er klart større enn ulempene og at reglane som ligg bak LNF-føremålet i liten grad vert råka av omsøkt tiltak."

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klaga på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for oppføring av bustadhus - gbnr 236/20 Askvik

Kopi til:

Thomas Lindås
Vestland fylkeskommune

Eidavegen 357
Postboks 7900

5993 OSTEREIDET
5020 BERGEN

Mottakarar:

Elin Signe Askvik
Kålås Bygg AS

Eidavegen 546
Torvhusmyrane 2

5993 OSTEREIDET
5913 EIKANGERVÅG